



Svein Ottar Rørheim vil satsa på mjølk att (Foto: Ola Matti Mathisen)

Svein Ottar Rørheim har søkt om løyve til nydyrking og fjerning av skigard og Tore Eik i kommunen har gått inn for tiltaka.

Arealet som han tnskjer å dyrka er beiteområde i dag, men det grensar til eit tidlegare dyrka areal. Jorda er dårleg drenert og er prega av det. Det er og ein del bergknausar og stein i dagen.

Rørheim ynskjer å auka det dyrka arealet og han vil fjerna to fjellknasar. Han vil også fjerna restane av ein gamal steingard. På denne måten vil han auka forgrunnlaget på bruket. Han vil starta opp att med mjølkeproduksjon og det vil auka trongen for grovfor.

Eik meiner at dei planlagte inngrepa kan gjerast utan at det får negative fylgjer for kulturlandskapet. Saka er no sendt til fylkeskommunen for vurdering ut frå kulturminnelova.

Av Ola Matti Mathisen